

ROLF SCHREINER:

Merkelig frukt

Elinore Fagan blei født 7. april 1915 i Philadelphia, Pennsylvania, USA. Morå va tenåringen Sarah Julia Fagan, og faren hadde så godt som null kontakt med mor og barn. Han hette Clarence Holiday og blei seinare ein flinke jazzmusiker så blant aent spelte med Fletcher Henderson. Både mor, far og datter va ganske så mørke i huden.



Morå tog seg ikkje godt av jentå si, og i januar 1925, da Elinore va ni år, blei hu av domstolen sendt te The House of the Good Shepherd, ein katolsk reformskole. I oktober same år fekk hu venda tebage te morå, som imens hadde stabilisert livet sitt og åbna ein restaurant kalt the East Side Grill, der mor og datter arbeidde seint og tidligt. Då Elinore va elleve år, slutta hu å gå på skolen.

Mor og datter flytta mod slutten av 1920-talet te New York City, der tenårings-jentå i 1929 ei tid jobde som prostituert på et bordell i Harlem.

Elinore likte å synga, og hu debuterte på obskure nattklubber i Harlem tidligt på 1930-talet. Hu va nok påverka av Louis Armstrong og Bessie Smith, men hu utvikla fort et svært personlig uttrykk.

Elinore blei oppdaga av pladeprodusenten John Hammond i 1933, og hu gjorde sine fysste pladeinnspillingar året ittepå med et lide band så blei leda av Benny Goodman. Hu fekk kontrakt med Brunswick Records, og mydlå 1935 og 1938 gjorde hu ein rekke stilskabande innspillingar med forskjellige smågrupper leda av pianisten Teddy Wilson. Her medvirka òg någen av de mest kjente musikerne på denne tiå, bl.a. Lester Young, Coleman Hawkins og Benny Goodman. I 1938 turnerte Elinore i perioder med de store orkestrene te Count Basie og Artie Shaw.

Strange Fruit va i udgangspunktet et dikt om lypsing av svarte menn, og det blei forfatta av Abel Meeropol, ein jødiske lærar fra The Bronx. Diktet, så e ein klar protest mod lypsing av negre (de sa det den gangen) i sørstatene, blei fysste gang publisert i 1937 i The New York Teacher, et fagforeningsblad.

Teksten består av tri vers, kver av de har fire korte linjer. Forfattere omtalte kroppar så e lypsja ved henging og brent, som ein «merkelig frukt» i trærne i sørstatene i USA. Teksten e krass og direkte og vise kontrasten mydlå de idylliske forestillingene om de fruktbare, sørlige delene av USA og den groteske, rasistiske virkeligheden med møyje vold. Her er fysste vers:

*Southern trees bear strange fruit
Blood on the leaves and blood at the root
Black bodies swinging in the southern breeze
Strange fruit hanging from the poplar trees*

Då melodi blei satt te, fekk me den fysste amerikanske antirasistiske sangen, og den oppnådde ein viss suksess som ein protestsang i og rundt New York.

Strange Fruit blei tilfeldigvis hørt av Barney Josefson, grunnleggaren av Cafe Society, New Yorks fysste, integrerte nattklubb. Han introduserte sangen for Elinore, som nå hadde tatt artistnavnet Billie Holiday.

Hu fremførte sangen på Cafe Society i 1939, og itte eget udsagn va hu redd for hevnd fra kvide folk. Sangen blei ligavel et fast innslag når hu hadde sine show.

Holiday tog kontakt med pladeselskabet sitt, Columbia, for å laga pladeinnspilling av sangen. Men produsenten hennes, så fortsatt va John Hammond, va ikkje enige, og Columbia avslø å gjør opptag av Strange Fruit.

Dermed gjorde Holiday avtalte om opptag med Commodore, Milt Gablers alternative jazz-pladeselskab. Hu kom te å gjør opptag av sangen to ganger for Commodore, fysste gang i 1939 og andre gang i 1944. Strange Fruit va høgt respektert og blei itte kvert Holidays bestselger. Sangen blei et varemerke for konsertene hennes på den tiå, men pianisten hennes, Bobby Tucker, kommenterte seinare at Holiday brøyd samen itte kver fremføring.

Sangteksten va så gribande at Holiday seinare sa: «Den fysste gangen eg sang de tri versene, tenkte eg at dette blei heilt feil. Det va ikkje et einaste klapp av applaus då eg avslutta. Så begynte ein enkelt person å klappa nervøst. Og så plutselig klapte adle, og de smilte og ropte te meg.»

Klubbeiar Josefson merkte straks at Strange Fruit hadde sterk påvirkning på publikum, og han insisterte på at Holiday måtte avslutta adle sine show med den sangen. Når sangen sko te å begynna, slutta kelnerne å servera, lysene i klubben blei slått av og ein enkel spotlight skinte på Holiday på scenen. Onna den musikalske introduksjonen hadde Holiday auene igjen, som om hu bad en bønn.

Sangen blei ein hymne te antilypsjebevegelsen. Den mørke stemningen i teksten planta første frø te det som seinare blei borgerrettsbevegelsen på 1950- og 60-talet.

Bob Dylan sitere Strange Fruit som inspirasjon i 2005-dokumentaren No Direction Home av Martin Scorsese. Filmen har òg et kort klipp av Holiday-sangen.

Og når det gjelde rasisme, fekk Billie Holiday mange slag i trynet. På konserter någen steder i sørstatene blei hu erstatta av ein kvide vokalist, og som andre av hennes rase, blei hu bedt om å ta vareheisen inn på hotellene.

Billie Holiday blei ein av verdens aller fremste jazzsangerinner. Men det blei et liv fullt av alkohol og narkotika, og hu va bare 44 år då hu døde i 1959. Filmen Lady Sings the Blues e om hennes liv og karriere.

Gå inn på YouTube – der kan du se og hørre Bille Holiday synga Strange Fruit. Og ittepå tar du Nina Simone sin versjon med adle bildene.

Dette e pensum i historie – og musikk.